

GENERALFORSAMLING

Generalforsamling for

Luster Energiverk AS vert halden i Banksalen Gaupne tysdag 25.04.06 kl. 16.00

SAKLISTE:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under møteprotokoll
3. Årsmelding for 2005
4. Rekneskap, herunder disponering av overskot
5. Godkjenning av honorar til revisor
6. Val av styre i samsvar med vedtektene
7. Val av valnemnd
8. Sal egne aksjar
9. Orienteringssaker

Sakstilfang til generalforsamlinga vert utsendt til dei aksjeeigarane som ber om det, og vert elles lagt ut på heimesida til Luster Energiverk AS www.lusterenergiverk.no og energiverket sitt kontor frå 18.04.06.

STYRET

Årsmelding frå styret

STYRET

Styret hadde fylgjande samansetjing i 2005:
Stein Næss (styreleiar), Per Hauge (nestleiar),
Herman Bremer, Gerd Westby Haugen, Kristen Ormberg
og Arvid Skjerven.

Varamenn i rekkefylgje har vore:
Steinar Molland, Jarle Sperle, Arne Kvalen og
Anny Fossøy Norberg.

Arvid Skjerven og Anny Fossøy Norberg er valde av og mellom dei tilsette.

VALNEMND

Johan Solheim (leiar), Laila Gjerde og
Magnar Høyum

STYRESAKER

Det har vore halde 8 styremøte og 45 saker har vore handsama.

HELSE, MILJØ OG SIKKERHEIT (HMS)

Selskapet er tilslutta Sogn Bedriftshelseteneste
Sjukefråvær i 2005 var på 3,87%. Dette er ein reduksjon
på 5,63 % frå året før.

Selskapet har eige AMU (arbeidsmiljøutval) med
representantar frå arbeidsgjevar- og arbeidstakersida.
Det har vore halde kurs i driftsforskrifter og fyrstehjelp for
driftspersonalet og for tilsette på installasjonsavdelinga.
Det har vore halde kurs i fyrstehjelp for alle tilsette.
Fleire tilsette har delteke på ymse faglege kurs.
Det er utarbeidd Beredskapsplan for ulukker og unormale
situasjonar i krig og fred. Det er eigen beredskapsplan for
Sage Kraftverk i samband med vassdragsulukker.
Drifta til selskapet fører ikkje til påviseleg forureining av
det ytre miljøet.

ØKONOMI

Dei 3 siste åra har ein stor andel av kundane hatt
fastpriskontrakt. Prisen for desse vart fastsett på grunnlag
av gjennomsnitts innkjøpskostnader i 3 års perioden.
Då kostnader og inntekter fylgjer rekneskapsåret, gav
2003 med høg innkjøpspris på straum negativt resultat for
kraftomsetninga. Medan 2004 og 2005 har gitt gode
resultat for avdelinga. Svært mange vidareførte
fastprisavtalar med oss i haust for å sikre kraftprisen. Vi
tilbyr kontinuerleg fastpriskontraktar kvar veke i tråd med
marknaden.

Nedgang i den risikofrie renta og effektiviserings krav
fører til reduksjon i inntektsramma frå NVE på
kr 554 000,-.

Arbeid for andre og installasjon har hatt stor aktivitet i
2005.

Nye deler av kommunen er tilknytt fibernettet i 2005. Som
forretningsområde har fibersatsinga hatt negativt resultat
grunna svært kort nedskrivningstid på anlegga.

Driftsresultatet for 2005 er kr. 6 092 730 ,-.
Netto finansinntekter kr. 4 288 805,-.
Resultat etter skatt kr. 8 505 150,-.

Økonomien i verksemda er god, med ein totalrentabilitet i
2005 på 11,1%.

Eigenkapitalrentabilitet på 13,1% og eigenkapitalprosent
på 86,8.

Investeringar som er planlagde i 2006, vert finansiert utan
lånepptak.

EFFEKTIVITET I

DISTRIBUSJONSNETTET.

Overføring av elektrisk kraft er ei monopolverksemd. For
å sjå til at krafttransporten vert gjort så effektivt (billeg)
som mogleg, er NVE sett til å føreta denne
monopolkontrollen. NVE har også for perioden 2002 til
2006 vidareført vårt effektiviseringskrav på 3,5%.
Nettleiga vil nødvendigvis bli dyrare i vestlandsterrang
enn på flate tettbygde strøk.

NVE har utsett vedtaket om ny reguleringsform til
hausten. Dei har invitert involverte partar til å delta i
utarbeidinga av effektiviseringskrava. Våre organisasjonar,
KS og FSN, er aktive medspelarar i prosessen.
KILE ramma er for vår del fastsett til kr. 703 000,- for
2005. Kompensasjonen for kvar ikkje-levert kWh er
fastsett av NVE.

KONKURRANSE FRÅ ANDRE

LEVERANDØRAR.

I den frie kraftmarknaden kan kundane kjøpe kraft der dei
får den billegast. Mange leverandørar marknadsfører seg
difor i periodar med låg kraftpris. Luster Energiverk er
oppteken av å tilby kundane kraft til rett pris.

SAMARBEID

Samarbeid mellom energiverka er vorte ein naturleg del av
arbeidsdagen. I takt med effektivitetskrava, som vert stilt
til nettselskapa, er ein avhengig av alle former for
kostnadsreduksjonar. Samarbeidet mellom energiverka i
Sogn er formalisert gjennom SEIS. Samarbeidet styrkjer
oss både kompetansemessig og økonomisk. Alt samarbeid
skal tuftast på vårt ynskje om å bestå som sjølvstendig og
sterk organisasjon.

Samarbeidet mellom energiverka på vestlandet (Kjøpekraft
Vest) har ført til gunstige avtalar på kabelkjøp,
transformatorar, tovegskommunikasjon m.m.

I tillegg har ein gjennom samarbeidet heva kompetansen
på produktkunnskap og teknologi.

LUSTER ENERGI EIGEDOM AS

Nyskippa dotterselskap i 2005 med føremål å driva utleige av fast eigedom, deltaking i andre selskap og det som knyter seg til dette. Er mellom anna eigar av administrasjonsbygget i Gaupne.

PLANAR.

Arbeidet med den nye 22kV linja mellom Luster og Skjolden er det mest resurskrevjande arbeidet vårt. Alt arbeidet vert gjort ved hjelp av eigne resursar. Strekinga Luster til Havhella er no fullført. I påvente av vedtak om tunnelbygging avventar vi strekinga mellom Havhella og Fjøsneane. I 2006 skal arbeidet mellom Skjolden og Fjøsneane prioriterast.

Vi har planar om utbygging av fiberanlegg for ein av samarbeidspartnarane våre. Dette gir oss moglegheita for å utvikle oss som utbyggarar.

Luster Energiverk har resursar som vi ynskjer å bidra med i småkraftutbyggingane. Vi er engasjert som prosjektleiarar i fleire anlegg, og ynskjer å vidareutvikle prosjekta gjennom vår kompetanse.

Småkraftprosjektet gir oss moglegheit for å hjelpe til i alle utbyggingsprosjekt frå det aller minste til "store" prosjekt.

Fjernstyringssystemet vårt blir heile tida utvida for å tilfredstille dagens krav til leveringssikkerheit.

Vi vil halde fram arbeidet mot dei sentrale styresmakter for betre rammevilkår, og for å få forståing for dei grunnleggjande utfordringane som distriktsverka møter i den daglege drift.

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER.

Målet for styret må først og fremst vera å sjå til at me i Luster har eit energiverk som er konkurransedyktig og framtidsretta og som gjev gode tenester til kundane. Viktigast er sjølvstekt at det finst eit godt linjenett i heile kommunen og at leveringa av kraft går utan mange problem.

Det skjer heile tida endringar i bransjen, og styret har sett det som viktig å vera i forkant av ei spanande utvikling. Dei siste åra har det vorte lagt stor vekt på utbygging av fibernettet for å gje eit godt tilbod til brukarar av datautstyr. Luster Energiverk har – saman med kommune og bank – engasjert seg sterkt i planlegging og utbygging av mindre kraftverk, noko det ligg uvanleg godt til rette for i vår kommune. Litt fram i tid vil det årleg kunna skapast store økonomiske verdiar frå småkraftverk i kommunen vår, til glede for grunneigarar, energiverk og kommune.

Styret skal naturleg nok sjå til at økonomien i energiverket er sunn, slik at ein har styrke til å vera med på endringar som tvingar seg fram og prosjekt som ein ønskjer å engasjera seg i. Ved utgangen av 2005 har Luster eit energiverk eigd av brukarane og med ein økonomi som er svært sterk.

Resultata har vore jamnt gode, og det ligg store verdiar i selskapet i form av bygningar, linjenett og eigarskap i kraftanlegg både i og utanfor kommunen.

Bak dei langsiktig gode resultata står ein stab av dyktige, engasjerte og endringsvillige medarbeidarar som fortener stor takk for god innsats !

DISPONERING AV OVERSKOT.

Styret gjer framlegg om at overskotet for 2005 på kr. 8 505 150,- vert fordelt slik:

Utbytte kr. 400,- per aksje	kr	3 130 400,-
Tilføring disposisjonsfond	kr	5 374 750,-
	kr	<u>8 505 150,-</u>

Styret for Luster Energiverk AS, 10. mars 2006

Stein Næss (styreleiar)

Per Hauge

Herman Bremer

Kristen Ormberg

Gerd Westby Haugen

Arvid Skjerven

Svein Halveg (everksjef)

ÅRET 2005

Forsyningsnettet vårt er av svært god kvalitet. 2005 har vidareført den positive tendensen med meir stabil straumforsyning. Eit langt

linjenett, som er naudsynt i Luster, vil likevel alltid vere utsett for tilfeldige avbrot. Vi investerer fortløpande i nytt fjernstyringssystem. Det gjer at vi kan fjernstyre fleire av dei kritiske komponentane som over tid, igjen skal føre til kortare responstid. Utdringane no er forsterkning av linjer som vil komme på grunn av ny kraftproduksjon, og at vi skal modernisere anlegga i samsvar med nye krav både til HMS og frå direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap (DSB). NVE sitt arbeid med nye vilkår for inntektsrammer er framleis ikkje ferdigstilt. Vi har engasjert oss i både KS Bedrift og FSN for at distriktsverka framleis skal ha best mogleg kår. Det er naudsynt at vi klarar å sjå både samfunnsansvar, effektivisering og beredskapsmessig på rammene rundt oss.

Kraftprisen for 2005 har utvikla seg i same trenden som dei siste åra. Mest overraskande er det at januar vart levert til låg pris (18,8 øre/kWh), medan året vart levert til 23,3 øre/kWh. Kraftprisen utviklar seg i tråd med prisen på alternative energiformer (olje og gass), og med stadig strengare miljøkrav. Nesten all kraftproduksjon i Noreg kjem frå vasskraft. Denne krafta kjem, uansett utvikling av utanlandsk utveksling, til å bli både rein og verdfull i svært lang tid.

For å kunne møte konkurransen frå dei største kraftleverandørane har vi i samarbeid med 12 andre distriktsverk etablert Enteca. Enteca skal tilby kraft til dei store forbrukarane i Norden.

Vi har etablert eit industrielt samarbeid med Småkraft AS for å ivareta og utvikle vasskrafta som er i Luster kommune. Når ein ser verdiane av Sage og dei øvrige verdiane som er utbygd i kommunen, så ligg ikkje utfordringa i å få bygd eit småkraftverk, men å utvikle anlegget slik at det gjev sikker produksjon i mange titals år. Samarbeidet med Småkraft utfyller oss på stordriftsfordelane og gjer at vi saman kan bidra positivt i utbyggingane.

Samarbeidet med Luster kommune og Luster Sparebank er vidareført utover den fyrste perioden. Vi har engasjert både teknisk og miljøfagleg kompetanse for å bistå dette arbeidet. Samarbeidsprosjektet vil framleis yte same hjelp til grunneigarar som ynskjer å utvikle kraftprosjekt i eigen regi. Vi er ein av tre kommunar i Noreg som ynskjer å få vurdert det samla kraftpotensialet. Dette gjev oss utfordringar både på miljø og linjekapasitet. Det samla kraftpotensialet i kommunen er mange gonger større enn forbruket. Dette vil føre til store investeringar i linjenettet. Desse kostnadane vil måtte fordelast på utbyggingsprosjekta etter belastninga på nettet. Korleis fordelinga og risikoen med utbygginga skal fordelast er ikkje avklara mot NVE på dette tidspunktet.

Breibandsutbygginga er framleis eit aktivt satsingsområde. Luster kommune har i dag breibandstilbod i heile kommunen. Fokus framover vil bli på innhaldssida og at vi får eit sikkert breibandsnett.

Eigarstrukturen i Sognekraft AS har vore uendra. Luster Energiverk AS er no tredje største eigaren, etter BKK og Vik kommune.

ORGANISERING OG DRIFT I 2005

1. ORGANISASJON, ADMINISTRASJON, PERSONALE

1.1 SELSKAPSFORM

Luster Energiverk AS vart skipa i 1915. I 1983 fusjonerte selskapet med L/L Hafslo Kraftlag og L/L Jostedal Kraftlag. Aksjekapitalen er på kr. 21.657.500, fordelt på 8.663 aksjar pålydande kr. 2.500.

1.2 MEDLEMSKAP I ANDRE ORGANISASJONAR

Luster Energiverk AS er medlem i mellom anna:

- Kommunenes Sentralforbund
- Sogn BHT
- FSN
- Norges Elektroentreprenørforbund

1.3 REVISJON

Revisjonen er utført av Deloitte & Touche, avd. Sogndal.

1.4 ADMINISTRASJON

Administrasjonsstad er Gaupne, i bygg leigd av Luster Energi Eigedom AS

1.5 PERSONALE

Pr.31.12 2005 hadde selskapet 23 heiltidstilsette. 1 var tilsett i 50%, 3 tilsett i engasjement. I tillegg hadde selskapet 3 lærlingar på kontrakt.

2. FORDELINGSNETT

2.1 HØGSPENT FORDELINGSNETT

22 kV: linje 207,55 km, jordkabel 33,926 km
5 kV: linje 1,20 km, jordkabel 0,500 km

2.2 1000V ANLEGG

1,94 km linje og 4 stk. transformatorar.

2.3.4 LÅGSPENTNETT

263,85 km linje og 90,1 km jordkabel.

2.3.5 FORDELINGSTRANSFORMATORAR

231 stk. trafoar 21/0,24 kV
4 stk. ” 22/0,415 kV
2 stk. ” 5/0,23 kV
1 stk. ” 5/0,415 kV
4 stk. “ 1/0,23 kV

Samla transformatoryting er 38.293 kVA

3 DRIFT AV FORDELINGSNETTET

Det har vore 7 driftsforstyringar med utkopling for deler av høgspennetnettet, som hadde varigheit meir enn 2 timar. I samband med planlagt arbeid, reparasjon og vedlikehald har det vore 15 utkoplingar for deler av høgspennetnettet, som varte i meir enn 20 minutt. 6 av desse, for berre ein nettstasjon om gongen.

4. KJØP OG SAL AV KRAFT.

4.1 MAKS EFFEKTUTTAK

Maks effektuttak i nettets høglasttime var 14,4 MW den 24. februar 2005, Time 11.

4.2 FORBRUK

Totalforbruket av kraft (inkl. tap) i 2005 var 72.736 MWh mot 70.922 MWh i 2004.

Vårt totale tap i overføringa er 5 831 MWh.

5. KUNDEFORHOLD TILSYNSAKTIVITETAR MÅLEAKTIVITETAR, ENØK

5.1 KUNDEFORHOLD

Pr. 31.12.2005 var det tilknytt 3486 kundar

5.2 TILSYNSAKTIVITET

I 2005 har det i alt vore kontrollert 120 bustader, gardsbruk og næringsseigedommar.

Tilsynet har ansvaret for ettersyn og kontroll av elektriske anlegg og har som overordna mål å betre el.sikkerheita i LE sitt forsyningsområde.

Andre viktige område er tilsyn med elektroentreprenørar, omsetningsledd av elektrisk utstyr, helseinstitusjonar og informasjon om elsikkerheit til lag og organisasjonar.

5.3 MÅLEAKTIVITET

Dette omfattar både nyanlegg og utskifting av eldre målarar.

Ved alle nye næringsbygg vert det no montert måleterminalar med kommunikasjon til stasjonær pc i administrasjonsbygget. Det er og denne typen målesystem som vert nytta ved alle større anlegg.

Frå 2005 vart det krav om timesmåling hjå alle kundar med forbruk større enn 100 000 kWh.

Den aukande aktiviteten i sluttbrukarmarknaden medfører fleire leverandørskifte og nye rutinar for utveksling av meldingar og måldata mellom leverandørane.

5.4 ENØK

Enova SF vart etablert i 2001 for å vere med å styrke arbeidet med ei miljøvennleg omlegging av energibruk og energiproduksjon i Noreg.

Enova er eit statsforetak som er eigd av olje- og energidepartementet. Enova tek initiativ til og fremjar meir effektiv energibruk, auka produksjon av ny fornybar energi og miljøvennleg bruk av naturgass.

Enova si verksemd vert finansiert gjennom eit energifond, der ein har to inntektskjelder – påslag på nett-tariffen og løyvingar over statsbudsjettet. Påslaget på nett-tariffen er 1 øre/kWh.

Spørsmål om ENØK kan ein ta opp med Enova på telefon nummer 80049003.

6 INSTALLASJON

Installasjon hadde ved årsskiftet 4 tilsette i 100% stilling, 1 i 50% stilling, 1 lærling og 1 hjelpearbeidar på prosjekt. I tillegg vart til saman eitt årsverk frå kontoradministrasjonen nytta ved installasjon.

Avdelinga har mange faste kundar, noko som gjev jamn og god tilgang på arbeid.

Det har også i år vore fokus på brannvarslingsanlegg i landbruket, dette etter kampanje frå forsikringsselskap. Vi har og inngått avtalar om kontroll og vedlikehald av anlegg. Som tidlegare har vi installert nybygg for byggfirma i distriktet.

Av større prosjekt har vi hatt nytt lysanlegg ved Sogn Skisenter, og ombygging av Hafslo barne- og ungdomsskule.

Dessutan har det vore mykje ordinært vedlikehaldsarbeid. Vi har og i 2005 utført mange el.sjekkar i landbruk og bustadhus.

Lys- og varmeutstyr er utstilt og kan kjøpast direkte frå lageret.

Resultatrekneskap 2005

DRIFTSINNTEKTER	NOTE	2005	2004
Energisal		16 774 855	16 905 344
Energiformidling/trading		1 004 148	1 142 002
Nettleige		17 113 356	16 943 128
Sal andre varer og tenester		6 828 866	6 150 948
Andre driftsinntekter		1 451 614	1 434 311
Attendeført mindreavkastning		- 1 647 000	-397 000
Meir/Mindreavkastning		213 079	-547 000
Sum driftsinntekter		41 738 918	41 631 733

DRIFTSKOSTNADER

Energikjøp		13 339 256	13 769 729
Overføring i overordna nett		1 335 704	1 074 305
Varekost andre selde varer og tenester		3 735 133	2 826 609
Løn, folketrygd, pensj. og andre pers.kostnader	2,10	9 301 339	9 846 782
Ordinære avskrivningar	1	3 813 505	3 763 917
Andre driftskostnader	9	4 073 739	4 423 400
Tap på krav/auka avsetning for tap		47 512	52 324
Sum driftskostnader		35 646 188	35 757 065

DRIFTSRESULTAT		6 092 730	5 874 668
-----------------------	--	------------------	------------------

FINANSINNTEKTER OG KOSTNADER

Renteinntekter		1 108 812	993 272
Aksjeutbytte og verdiendring andeler		3 228 366	3 493 814
Rentekostnader		-48 373	14 488
Netto finansinntekter		4 288 805	4 472 598

Resultat før skatt		10 381 535	10 347 266
---------------------------	--	-------------------	-------------------

Skattekostnad	11	1 876 385	2 246 636
----------------------	-----------	------------------	------------------

ÅRSRESULTAT		8 505 150	8 100 630
--------------------	--	------------------	------------------

Disponering av årsoverskot

Avsett til utbytte		3 130 400	3 130 400
Avsett til annan egenkapital		5 374 750	4 970 230
Sum disponert		8 505 150	8 100 630

Balanse pr. 31.12.2005

EIGEDELER	NOTE	2005	2004
Anleggsmidler			
Linjer/teknisk utstyr	1	33 356 000	33 333 000
Bygg, tomtar	1	1 135 589	823 189
Inventar, utstyr og transportm	1	4 394 218	3 835 218
Aksjar	6	2 129 408	1 795 279
Aksjar i tilknytte selskap	6	11 984 722	11 005 500
Aksjar dotterselskap	6	1 000 000	3 784 618
Langsiktige fordringar	8	9 695 124	9 267 625
Sum anleggsmidler		63 689 061	63 844 429
Omløpsmidlar			
Varelager	5	1 150 000	1 492 214
Kundekrav	5	11 368 722	10 141 409
Andre kortsiktige krav		6 112 348	4 017 432
Bankinnskott, kontantar og liknande	12	14 005 432	12 512 182
Sum omløpsmidlar		32 636 502	28 163 237
SUM EIGEDELER		96 325 562	92 007 666

GJELD OG EIGENKAPITAL

Eigenkapital			
Aksjekapital 8.663 aksjar a kr. 2500,-	4,13	21 657 500	21 657 500
Behaldning egne aksjar	4	-2 092 500	-2 092 500
Overkursfond	3	2 979 988	2 979 988
Annan eigenkapital	3	57 921 976	52 547 22
Netto eigenkapital		80 466 964	75 092 214
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		3 522 104	4 018 613
Betalbar skatt	11	2 157 013	2 571 476
Skuldig offentlege avgifter		2 668 454	2 808 707
Avsett til utbytte	7	3 130 400	3 130 400
Anna kortsiktig gjeld	7	4 380 626	4 386 256
Sum kortsiktig gjeld		15 858 598	16 915 452
Sum gjeld		15 858 598	16 915 452
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		96 325 562	92 007 666

Stein Næss styreleiar

Per Hauge nestleiar

Svein Halveg everksjef

Arvid Skjerven

Herman Bremer

Kristen Ormberg

Gerd Westby Haugen

REKNESKAP OPPDELT PÅ FORRETNINGSOMRÅDE

	Inntekter	Kostnader	Resultat
Kraftomsetning	19 287 522	15 145 331	4 142 191
Distribusjonsnett	15 793 804	13 837 312	1 956 492
Arbeid for andre	1 758 588	1 747 747	10 841
Installasjon	6 140 035	6 034 074	105 961
Fiber	244 816	367 571	-122 755

Årets meir/mindreinntekt

Distribusjonsnett

	2005	2004
Nettinntekter fastsett av NVE	14 390	14 944
Tillegg for kostnader i overordna nett	1 335	1 074
Tillegg for eigedomsskatt	68	68
Attendeført mindreavkastning	1 647	397
Sum tillatt inntekt	17 440	16 483
Faktisk nettinntekt	17 227	17 030
Årets meirinntekt(-) / mindreinntekt (+)	213	-547

Akkumulert meirinntekt/mindreinntekt

	Meir (-) / mindre (+) inntekt	Renter av inntekt Meir (-) / mindre (+)
Akkumulert inntekt pr 31.12.2004	2 998	281
Korrigert regelendring NVE	-179	175
Attendeført i 2005	-1647	
Mindreinntekt 2005	213	
Renter 2005		70
Akkumulert pr 31.12.2005	1 385	526

KILE - kompensasjon for ikkje levert energi

	2005	2004
Tildelt kostnadsramme	703000	703000
Kompensasjon eige-/andre sitt nett	207000	386000
Rest	496000	317000

KILE- ikkje balanseførd mindreinntekt/renter

	Mindre inntekt	Renter mindreinntekt
Akkumulert saldo 31.12.2004	494	51
Meir - / mindre inntekt eige- / andre sitt nett 2005	496	17
Akkumulert saldo 31.12.2005	990	68

Luster Energiverk AS balansefører ikkje meir-/mindreinntekt på KILE. Tala er henta frå NVE rapport.

NOTAR TIL REKNESKAPEN

1. AVSKRIVINGSPLAN ANLEGGSMIDLAR (beløp i 1000 kr.)

	Transp. midlar	Kontor utstyr	EDB utstyr	Telefon Samband	Drift utstyr	Lager bygg tomtar	Målar	Linjer og Tekn.utstyr
Kostpris 01.01.05	3532	1471	3698	388	925	837	1932	39354
Tilgang i året	0	22	349	633	82	352	291	2978
Oppskrivning								23771
Samla ord. avskr.31.12.	2466	1257	3417	260	754	54	775	32747
Bokført verdi 31.12.	1066	236	630	761	253	1135	1448	33356
Årets ord. avskrivningar	234	30	229	107	73	40	145	2955
% satsar ord. avskriv.	20%	20%	20%	20%	20%	2%	5%	2,5-20%

2. TILSETTE, GODTGJERDSLE M.M.

Lønnskostnader inneheld fylgjande postar:	2005	2004
Lønningar	8 856 838	9 139 361
Eigne investeringsarbeid	-2 468 994	-2 505 134
Refusjon av sjukeløn etc.	- 69 560	-261 376
Folketrygdavgift	1 102 040	1 235 344
Pensjonskostnader	1 042 131	1 439 312
Andre lønnskostnader	838 884	799 275
Sum lønnskostnader	9 301 339	9 846 782

Gjennomsnittleg antal årsverk 27 27

Godtgjerdse	Everksjef	Styret
Lønn	547 415	125 776
Kollektiv pensjonspremie	46 553	
<u>Anna godtgjerdse</u>	<u>39 750</u>	
Årets netto pensjonskostnad	2005	2004
Utbetalt pensjon	109 494	133 789
Årets pensjonspremie	1 042 131	1 439 312
Netto pensjonskostnad	1 151 625	1 573 101

Andre pensjonar er dekkja gjennom KLP.

	2005	2004
Pensjonspremiefondet er balanseført med	0	40 125

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2005 utgjer kr. 55 000,-. Tillegg for andre tenester kr. 25 300,-.

3. EIGENKAPITAL

	Aksjekapital	Eigne aksjar	Overkursfond	Anna eigenkap.	Sum
Eigenkapital 01.01.04	21 657 500	-2 092 500	2 979 988	52 547 226	75 092 214
Årsoverskot 2005				5 374 750	5 374 750
Forslag til utbytte				3 130 400	3 130 400
Eigenkapital 31.12.05	21 657 500	-2 092 500	2 979 988	61 052 376	83 597 364

4. Aksjonærtilhøve

Aksjekapitalen til selskapet er på kr. 21 657 500,-.

Det er 968 aksjeeigarar i selskapet. Dei største aksjonærane er

Luster kommune	13,4%
Luster Sparebank	5,3%
Luster almenning	2,3%
Gjensidige	2,1%

På generalforsamlinga den 07.06.99 fekk styret fullmakt til å kjøpe inntil 10% av aksjekapitalen. Det er kjøpt 837 aksjar for kr. 8 610 036,-, og ingen aksjar er avhenda.

Aksjar i eige av styre og everksjef

Stein Næss, styreleiar	36 aksjar
Per Hauge, nestleiar	10 aksjar
Gerd Westby Haugen	0 aksjar
Herman Bremer	7 aksjar
Kristen Ormberg	12 aksjar
Arvid Skjerven	20 aksjar
Svein Halveg, everksjef	9 aksjar

5. Vurderingsprinsipp omløpsmidlar.

Uteståande krav er oppførde til bokført verdi. Beholdning av salsvarer er sett til forsiktig vurdert verdi av kostpris.

6. Aksjar

Antal aksjar	Selskap	Pålydane	Bokført verdi
610	AS Sognekraft	20000	122000
100	Fjellv. Årdal-Luster	100	0
17	Energiråd	1000	17000
10	Energiråd	1253	12531
1	NEFO	1000	1350
100 B	Sogn Skisenter	100	10000
1	REN AS	1000	1000
10	Sogn Golf	500	5000
22000	Enteca AS	1	804100
85	BioNordic	1000	999999
51	Gjensidige	242	12316
40	Sørsida Eignedom AS	1000	40000
96	Seis	1000	98112
Sum			2123408

Aksjar i tilknytte selskap og dotterselskap

11	Sage Kraftverk AS	1.000.000	11 005 500
50	Luster Småkraft AS		503 250
99	Luster Energi Eignedom AS	1000	1 000 000
113	Datapart AS	1000	475 972

Tilknytte selskap

Sage Kraftverk AS

Luster Energiverk AS eig 11 aksjar i Sage Kraftverk AS. Dette utgjør 50% av aksjane i selskapet.

Investeringa er bokført med	kr.11 005 500
Positivt resultat	kr. 866 106
Eigenkapital	kr.22 664 733

Mellomverande tilgode kr 699 348

LUSTER SMÅKRAFT AS

Luster energiverk AS eig 500 aksjar i Luster Småkraft AS. Dette utgjør 50% av aksjekapitalen.

Investeringa er bokført	kr 503 250
Resultat	kr 0
Eigenkapital	kr 1006 500
Mellomverande	kr 0

Datapart AS

Luster energiverk AS eig 113 aksjar i Datapart AS. Dette utgjør 22,6% av aksjekapitalen.

Investeringa bokført med	kr 475 971
Positivt resultat	kr 624 147
Eigenkapital	kr 1 535 655
Mellomverande skuld	kr 40 238

Aksjar i dotterselskap

LUSTER ENERGI EIGEDOM AS

Luster Energiverk AS eig 99 aksjar i Luster Energi Eignedom AS. Dette utgjør 99 % av aksjekapitalen.

Investeringa er bokført	kr 1 000 000
Positivt resultat	kr 205 798
Eigenkapital	kr 1 205 798
Mellomverande tilgode	kr 3 170 018

7. Spesifikasjon av gjeld

Med atterhald om godkjenning av generalforsamlinga, er det avsett ordinært utbytte for 2005 med kr. 400,- pr. aksje, tilsaman **kr. 3 130 400**

Summar som er inkludert i "Anna kortsiktig gjeld":

Påløpne kostnader	642 803
Skuldig forbruksavgift	1 885 703
Skuldig lønn	5 670
Forskotsbetalte inntekter	953 987
Oppgjerskonto Enova	387 941
Balansekonto kraft	-404 070
Feriepengar m.m	908 592

8. Spesifikasjon av fordringar

Langsiktige fordringar	
Lån Sognekraft	6 450 000
Pengemarknadsfond	2 828 417
Eigenkapitaltilskot KLP	66 707
Andre langsiktige fordr.	350 000

9. Lager og administrasjonsbygg

Luster Energiverk AS leiger lokale hjå Luster Energi Eignedom AS. Leiga i 2005 var kr. 620 650,-

10. Aktiverte egne investeringsarbeid

I denne posten er egne aktiverte investeringsarbeid fråtrekt med kr.2 468 994,-

11. Skattekostnad

Resultat før skattekostnad	10 381 535	
Permanente forskjellar:		
ANS Luster Kraftlag		0
Utbytte	-3 228 366	
Renter skatt	7 844	
Ikkje frådragsber. Kostnader	3 700	
Endring i midlertidige forskjellar:		
Fordringar	- 1 976	
Premiefond	38 950	
Driftsmidler	501 933	
Årets skattegrunnlag	7 703 620	
Berekna betalbar skatt overskot	2 157 014	
Midlertidige forskjellar knytta til:		
	31.12.05	31.12.04
Negative forskjellar:		
Driftsmiddel	<u>6 145 939</u>	<u>5 644 005</u>
Positive forskjellar:		
Pensjonspremiefond		38 950
Fordringar	50 388	48 412
Grunnlag utsett skatt	-6 095 551	-5 556 643
Utsett skattefordel	-1 706 754	-1 555 860
I samsvar med førebels norsk rekneskapsstandard for behandling av skatt, er midlertidige negative og positive forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode utlikna. Utsett skatt er ikkje oppført i balansen.		
Skattekostnad i rekneskapan består av:		
Forskjell ilikna og avsett skatt		
Restskatt	-280 626	324 840
Berekna betalbar skatt	<u>2 157 014</u>	<u>2 246 636</u>
Skattekostnad	<u>1 876 386</u>	<u>2 571 476</u>

12. Sperra midlar

Av innestående midlar i kasse og bankinnskot er Kr. 330 000 sperra til betaling av skattetrekk.

13. Inngangsverdi/Risk-beløp

Inngangsverdi	01.01.1992	kr. 1 130,00	pr. aksje
Risk-beløp	01.01.1993	kr. 0,43	”
”	01.01.1994	kr. -11,06	”
”	01.01.1995	kr. 20,89	”
”	01.01.1996	kr. 66,19	”
”	01.01.1997	kr. 61,78	”
”	01.01.1998	kr. 382,50	”
”	01.01.1999	kr. 1412,27	”
”	01.01.2000	kr. 285,89	”
”	01.01.2001	kr. 445,45	”
”	01.01.2002	kr. 443,36	”
”	01.01.2003	kr. 452,81	”
”	01.01.2004	kr. 214,51	”
”	01.01.2005	kr. 456,91	”

KONTANTSTRAUMANALYSE

	2005	2004
Kontantstraumar frå drift		
Ordinært resultat før skatt	10 381	10 347
Betalt skatt i perioden	- 2 290	- 325
Ordinære avskrivningar	3 813	3 764
Tap/vinst sal anleggsmidler		
Endring i varelager	342	30
Endring i kundar	-1 227	- 1 749
Endring i leverandørgjeld	- 496	1 999
Endring i andre omløpsmid. og andre gjeldspostar	<u>-2 240</u>	1 761
Netto kontantstrøm frå drift	8 281	<u>15 827</u>
Kontantstrøm frå investeringar		
Investert i aksjar	- 2 307	-1 138
Relasjon andeler ANS LK	3 785	
Investert i ANS Luster Kraftlag		-527
Investert i langsiktig fordring	- 427	-541
Innbetaling realisjon av aksjar		315
Utbet. kjøp varige driftsmiddel	<u>- 4 707</u>	<u>-6 751</u>
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	<u>-3 658</u>	<u>-8 642</u>
Kontantstrøm frå finansaktivitetar		
Netto endring i langsiktig gjeld		-82
Utbytte	<u>- 3 130</u>	<u>- 2 034</u>
Netto kontantstrøm frå finansaktivitetar	<u>-3 130</u>	<u>- 2 116</u>
Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande	1 493	5 069
Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande 01.01.	12 512	<u>7 443</u>
Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande	<u>14 005</u>	<u>12 512</u>

VERDIREKNESKAP	2005	NØKKELTAL	2005	2004
Driftsinntekter	41 738 918	Omsetning:		
- forbruk av innkjøpte varer og tenester	22 531 343	Driftsinntekter	41 738 918	41 631 733
=Verdiskaping i eiga verksemd br.	19 207 575	Resultat:		
- Kapitalslit (ord. avskr.)	<u>3 813 505</u>	Driftsresultat	6 092 730	5 874 668
=Verdiskaping i eiga verksemd net.	15 394 070	Netto driftsmargin	15%	14 %
+ gevinst ved sal av driftsmidlar				
+ finansinntekter	4 337 178	Resultat før ekstraord.	10 381 535	10 347 266
= Verdiar til fordeling i alt	<u>19 731 248</u>	Rentabilitet:		
		Totalrentabilitet	11,1%	11,9%
		Eigenkapitalrentabilitet	13,1%	14,4%
Som er fordelt slik:		Investeringar:		
Tilsette	9 301 339	Årets investeringar	7 015 255	7 888 727
Kapitalinnskytarar:		Soliditet/kapitaltilhøve pr 31.12		
Renter til kredittytarar	48 373	Eigenkapital andel	86,8%	81,6%
Utbytte til aksjonærar	3 130 400	Likviditetsgrad 1	2,6	1,7
		Rentedekningsgrad	215,5	714,7
Stat, kommune:		Personale:		
Skattar og avgifter	1 876 385	Talet på fast tilsette	24	24
Verksemda:		Lærlingar	3	3
Halde attende for sikring og ny verdiskaping	5 374 751	Aksjar:		
Verdiar fordelt i alt	<u>19 731 248</u>	Talet på aksjar	8 663	8 663
		Aksjekapital	21 657 500	21 657 500
		Forteneste pr. aksje	981,78	934,22

Til generalforsamlinga i

LUSTER ENERGIVERK AS

REVISJONSMELDING FOR 2005

Vi har revidert årsrekneskapen for **LUSTER ENERGIVERK AS** for rekneskapsåret 2005, som syner eit årsoverskot på **kr. 8.505.150,-** for selskapet. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forslaget til disponering av overskotet og føresetnaden om framhald av drifta. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, noteopplysningar og kontantstraumoppstilling. Reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg er brukt ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagd fram av styret og dagleg leiar. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder vedtekte revisjonsstandardar frå Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta og av vesentlege rekneskapsestimater, samt vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontrollsystema hjå verksemda. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for våre konklusjonar.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av verksemda si økonomiske stilling 31. desember 2005 og av resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forslaget til disponering av overskotet og føresetnaden om framhald av drifta er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Sogndal, 10. mars 2006

Deloitte.


Kjetil Midtun

statsautorisert revisor
Audit. Tax & Legal. Consulting. Financial Advisory.

Member of
Deloitte Touche Tohmatsu